

Villrein fjellet som verdiskapar – kunnskapsformidling om villrein og villrein fjell

- Referat frå møte i styringsgruppa 2. juni 2020, Bygland

Til stede frå styringsgruppa: Bjørn Laugaland, Signe Sollien Haugå, Ørnulf Haraldstad, Tor Arne Eiken, Åshild Hus.

Frå arbeidsgruppene: Guro Sødergren, Alf Odden, Øystein Kristensen, Jørn Haug

Andre: Tuva Flor Lien (Norsk Villreinsenter sør). Med via teams

Sak 1. Heimeside/nettportal for informasjon og formidling av villrein og verneområda.

Styringsgruppa (SG) tok utgangspunkt i notat frå leiarane av arbeidsgruppene sendt ut i forkant av møtet. Stikkord frå drøftinga i SG:

- Heimesida må få god synlighet. Kopling mot destinasjonsselskap og Miljødirektoratet sin nye portal vil vera sentralt her.
- Informasjon om bedrifter er krevjande då viktig ny informasjon endrast raskt.
- Eigen heimeside om verneområda gir betre kontroll på informasjonen enn om ein skulle «overlate» det til destinasjonsselskap, Visit Norway o.s.b å informere om verneområda og opplevingar.
- Barn og unge må vera ein definert målgruppe for heimesida då denne målgruppa er sentral i prosjektet
- Som del av handlingsprogrammet i heiplanen jobbar fylkeskommunane med ein eigen eigen heimeside/portal. Båe sidene må sjåast i samanheng slik at dei kan utfylle kvarandre på ein god måte.
- Styringsgruppa ønskjer at det vert lagt opp til ein to-vegs kommunikasjon ved lansering av heimesida. Samstundes er det ressurskrevjande å drifte dette på ein god måte. I første omgang ser ein føre seg ein chat-funksjon som er bemanna til faste avgrensa tider.
- Sentrale stikkord for heimesida: sakleg informasjon, kanalisering ferdsel, besøksstrategi, turforslag inkl. moglegheit for fiske.
- Ved oppbygging av sida bør det vera ei referansegruppe som kvalitetssikrar og kjem med innspel til innhaldet.

Vedtak i styringsgruppa: heimesida vert etablert i tråd med notat og innspel referert ovanfor.

Styringsgruppa føreset godkjenning i verneområdestyret for SVR då det er dei som på sikt må ta over ansvaret for sida.

Sak 2. Handsaming av revidert budsjett for 2020 og 2021

Forslag til revidert budsjett vart sendt styringsgruppa i forkant av møtet.

Vedtak i styringsgruppa: revidert budsjett godkjend med følgjande merknad:

Det vert gjeven avslag på tilskot kr. 100 000 til sti- og løypeplanarbeid i Vinje slik dei har søkt om. Dette grunngjeven med at det alt vesentlege av planarbeidet var ferdig før verdiskapingsprosjektet starta opp. Leiar av arbeidsgruppa 1 har vidare dialog med kommunen for å sjå på alternativ bruk av midla innafor ramma av verdiskapingsprosjektet. Om dette ikkje vert aktuelt vert midla inntil vidare lagt på ein post for uforutsett for 2021

Sak 3. Status for aktiviteten i arbeidsgruppene

Arbeidsgruppe 1 (Kunnskapsformidling om villrein og villrein fjell til barn og unge) v/Jørn Haug
Høg aktivitet i mai og juni for gjennomføring av opplegg med skuleklassar. For 2020 er det tinga opplegg med 9 skuleklassar i Åseral, Sirdal og Suldal.

Opplæringsjakta går som planlagt. Deltakarlista er fullteikna.

Arbeidsgruppe 2 (Møteplass villrein fjellet) v/Guro Sødergren

Dei fleste arrangement er knytt opp mot eksisterande arrangement kring i kommunane som frukt og laks i Hjelmeland, Sirdalsdagane, Røldalsmarknaden og møte med hytteeigarane på Hovden. mv. Grunna korona-situasjonen vart det meste avlyst denne våren. Til hausten tar ein sikte på å gjennomføre to opne møte; eit i Sirdal knytt til Reinrein – prosjektet og eit møte i samband med sti- og løypeplanarbeidet i Hjelmeland. Villreinsertifikatet er no lansert og nyttast i ulike samanheng. Sjå www.villreinsertifikatet.no Gruppa vurderer ein film eller spel som oppfølger til dette.

Arbeidsgruppe 3 (Villreinen og kulturarven) v/Alf Odden

Til saman fire naturlosturar har blitt avlyst på grunn av coronasituasjonen. To store folkemøte om villrein har og blitt utsett av same grunn. Desse håpar vi å få arrangert litt ut på hausten. Kulturminneskilt i kommunane: pilotskilt blir klart før ferien – fleire kjem utover hausten. Informasjon på fjellhyttene: pilothefte er klart – tilbodsinnhenting frå forfattarar før ferien. Hidden – lisens vil bli kjøpt inn i sommar/tidleg haust
Utstilling på Kvæven – god framdrift

Arbeidsgruppe 4 (Sti- og løypeplanar – adaptiv løypeforvaltning)

Årleg evalueringsmøte om adaptiv løypeforvaltning i Bykle er gjennomført. Det vert jobba med eit større møte til hausten der tema er omsyn til villrein i vanskelege vintrar. Målgruppe er kommunar, regulantar, turistforeiningane, løypeselskap mv. Fleire kommunar jobbar med sti- og løypeplanar og har fått tilskot frå verdskapsprosjektet.

Sak 4 Eventuelt

Ørnulf Haraldstad sluttar hjå Fylkesmannen i løpet av sommaren. Styringsgruppa drøfter erstattar i neste møte.

Dator for neste møte i styringsgruppa: vert lagt til før/etter heiplansamlinga på Skinnarbu 14. – 15. oktober. Jørn Haug avklarar mogleg kollisjon med møte i styringsgruppa for GPS-merkeprosjektet.